



Luster kommune
Rådmannen - økonomi

Det kgl Olje- og energidepartement

Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Gaupne, 21.02.2005

Arkivsak: 05/00314

Arkiv nr.: /S1/ &13

Sakshands.: Jan Kåre Norberg

MELDING OM VEDTAK
HØRING - NOU 2004: 26 HJEMFALL

Vi viser til brev av 1.12.04.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slik utale i møte den 17.02.2005, sak 0007/05:

Luster kommunestyre har frå Olje og energidepartementet fått oversendt Hjemfallsutvalget si utgreiing med forslag til nye reglar om heimfall i NOU 2004:26 med høyringsfrist 1. mars 2005.


Det herskar ein vesentleg usikkerheit om EØS-avtalen kan setje krav til endringar i gjeldande heimfallsreglar. Med bakgrunn i dette meiner Luster kommunestyre som hovudpunkt at saka blir utsett inntil dette er avklart..

Dersom saka likevel vert teken opp til realitetshandsaming vil kommunen gje full tilslutning til mindretalsforslaget frå KS, LO og LVK.

Luster kommunestyre vil påpeike at vasskrafta er ein fornybar nasjonal ressurs, og vil på det sterkaste gå inn for at det fortsatt skal vera underlagt offentleg styring gjennom kommunalt, fylkeskommunalt og statleg eigarskap.

Luster kommune meiner at vertskommunane sin lovbestemte rett ved heimfall på *inntil* 1/3 av verdien vert vidareført ,og at desse verdiane fortsatt skal tilfalle vertskommunen i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel.

Med helsing


Jan Kåre Norberg
økonomisjef

ADRESSE: Rådhuset 6868 GAUPNE	TELEFON: Sentralbord: 57 68 55 00	TELEFAX 57 68 55 01	E-POST ADRESSE: postmottak@luster.kommune.no	ORGANISASJONSNR. 964 968 241 Bankgiro: 3785.07.00142
--	--	-------------------------------	--	---

Luster kommune

Saksnr.:	Utval	Møtedato
0006/05	Formannskapet	09.02.2005
0007/05	Kommunestyret	17.02.2005

HØYRING - NOU 2004: 26 HEIMFALL

Arkivsak:
05/00314

Sakshandsamar:
Jan Kåre Norberg

Arkivkode:
S1 &13

Rådmannen si tilråding:

Luster kommunestyre har frå Olje og energidepartementet fått oversendt Hjemfallsutvalget utgreiing med forslag til nye reglar om heimfall i NOU 2004:26 med høyringsfrist 1. mars 2005.

Luster kommunestyre registrerer at det herskar ein vesentleg usikkerheit om EØS-avtalen kan setje krav til endringar i gjeldande heimfallsreglar. Med bakgrunn i dette meiner kommunestyret prinsipielt at dette må avklarast før det vert føreteke endringar i gjeldande regelverk.

Dersom saka likevel vert teken opp til realitetshandsaming vil kommunen gje full tilslutning til mindretalsforslaget frå KS, LO og LVK.

Luster kommunestyre vil påpeike at vasskrafta er ein fornybar ressurs som i framtida vil få ein langt høgare verdi enn i dag, og vil på det sterkaste gje til tilslutning til at det fortsatt skal vera nasjonal offentleg styring gjennom kommunalt, fylkeskommunalt og statleg eigarskap og kontroll med vasskraftressursane og utnytting av desse.

Luster kommune sluttar seg til framlegget om at vertskommunane sin lovbestemte rett ved heimfall på *inntil* 1/3 av verdien vert vidareført ,men meiner at desse verdiane skal tilfalle vertskommunen i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel.

Fleirtalet i Hjemfallsutvalet går inn for lovformuleringar som vil forhindre eit stabilt norsk eigarskap til våre kraftverk. Hovudgrunngevinga frå fleirtalet er bygd på tolking av EØS-avtalen. Dersom fleirtalet sitt forslag vert vedteke kan dette medføre at store deler av norske vasskraftressursar vert kjøpt opp av utanlandske selskap. 1/3 av desse ressursar vil etter forslaget kome varig på utanlandske hender. Dette kan ikkje Luster kommune akseptere.

Formannskapet

17.02.2005

Sak : /05

Handsaming:

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Luster kommunestyre har frå Olje og energidepartementet fått oversendt Hjemfallsutvalget si utgreiing med forslag til nye reglar om heimfall i NOU 2004:26 med høyringsfrist 1. mars 2005.

Det herskar ein vesentleg usikkerheit om EØS-avtalen kan setje krav til endringar i gjeldande heimfallsreglar. Med bakgrunn i dette meiner Luster kommunestyre som hovudpunkt at saka blir utsett inntil dette er avklart..

Dersom saka likevel vert teken opp til realitetshandsaming vil kommunen gje full tilslutning til mindretalsforslaget frå KS, LO og LVK.

Luster kommunestyre vil påpeike at vasskrafta er ein fornybar nasjonal ressurs, og vil på det sterkaste gå inn for at det fortsatt skal vera underlagt offentleg styring gjennom kommunalt, fylkeskommunalt og statleg eigarskap.

Luster kommune meiner at vertskommunane sin lovbestemte rett ved heimfall på *inntil* 1/3 av verdien vert vidareført ,og at desse verdiane fortsatt skal tilfalle vertskommunen i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel.

Kommunestyret**17.02.2005****Sak : 0007/05****Handsaming:**

Ernst Veum, styremedlem i Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK) informerte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Luster kommunestyre har frå Olje og energidepartementet fått oversendt Hjemfallsutvalget si utgreiing med forslag til nye reglar om heimfall i NOU 2004:26 med høyringsfrist 1. mars 2005.

Det herskar ein vesentleg usikkerheit om EØS-avtalen kan setje krav til endringar i gjeldande heimfallsreglar. Med bakgrunn i dette meiner Luster kommunestyre som hovudpunkt at saka blir utsett inntil dette er avklart..

Dersom saka likevel vert teken opp til realitetshandsaming vil kommunen gje full tilslutning til mindretalsforslaget frå KS, LO og LVK.

Luster kommunestyre vil påpeike at vasskrafta er ein fornybar nasjonal ressurs, og vil på det sterkaste gå inn for at det fortsatt skal vera underlagt offentleg styring gjennom kommunalt, fylkeskommunalt og statleg eigarskap.

Luster kommune meiner at vertskommunane sin lovbestemte rett ved heimfall på *inntil* 1/3 av verdien vert vidareført ,og at desse verdiane fortsatt skal tilfalle vertskommunen i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg: Skriv frå KS datert 29.12.2004

Samandrag:

Heimfall betyr kort fortalt at vassfall, vassdragsreguleringsanlegg og tilhøyrande kraftanlegg tilfell staten vederlagsfritt etter utløpet av ein konsesjonsperiode. Reglane om heimfall gjeld likevel ikkje for offentleg eigde anlegg. Desse får evigvarande konsesjon. Dagens reglar om heimfall gjeld altså berre for privateigde kraftverk. ESA(EFTA sitt kontrollorgan) har reist spørsmål om heimfallsreglane, slik dei i dag er utforma, er i strid med EØS- avtalen sine reglar om fri etablering og kapitalbevegelse. Olje- og energidepartementet har mellom anna av denne grunn sett ned eit offentleg utval med 12 medlemmer, Heimfallsutvalet, som har utgreidd denne saka og kome med innstilling med framlegg til endringar i gjeldande lovgjeving. Heimfallutvalet si innstilling vart lagt fram den 30.11.04. Innstillinga er sendt på høyring med høyringsfrist 01.03.05.

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Fakta:

Gjeldande reglar:

Etter industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova gjeld følgjande reglar om konsesjonar og heimfall for vassfall og tilhøyrande anlegg:

- Det vert gjeve *evigvarande* konsesjonar til stat, kommunar og fylkeskommunar og foretak eigd av desse.
- Det vert gjeve *tidsavgrensa* konsesjonar på 60 år til private. Utanlandske foretak – også eigd av offentlege organ – er likestilt med private.
- *Omsetning* av vassfall og reguleringsanlegg er konsesjonspliktig.
- Ved overdraging frå offentleg til privat eigar slik at den offentlege eigarskapen vert under 2/3, vert ny konsesjon på 60 år rekna frå opprinneleg konsesjonstidspunkt eller utbyggingstidspunktet.
- Ved konsesjonstida sitt utløp tilfell vassfallet og alle tilhøyrande anlegg staten vederlagsfritt.
- Ved heimfallet har vertskommunen ein lovbestemt rett på *inntil* 1/3 verdien eller andel av kraftanlegget.

Ca. 90 % av alle kraftanlegg i landet er i dag offentleg eigd, medan resterande 10 % er private. 3,5 % av dei private kraftanlegga vart erverva/utbygd før konsesjonslovgjevinga. Desse er ikkje omfatta av konsesjonslova og heimfallsordninga. Reglane om heimfall gjeld i dag altså berre for 6,5 % av kraftanlegga i Norge. Ei innføring av heimfall for offentlegeigde verk får altså stor verknad for kven som skal eige vasskrafta i framtida.

Heimfallsutvalet si innstilling:

Eit samrøystes utval går inn for å vidareføre heimfallsordninga. Det er likevel viktige prinsipielle skilnader på fleirtals- og mindretalsinnstillingane om korleis ein tilnærmar seg spørsmålet om implementeringsmetode for heimfallet for både offentlege og private kraftanlegg, når det gjeld konsesjonstida sin lengde og om det skal skje ein kompensasjon til eigar når heimfall finn stad.

Fleirtalet i utvalet gjer framlegg om at det er *lovendringstidspunktet* som skal vere utgangspunktet for konsesjonstida si lengde både for offentlege og private kraftanlegg. Dette betyr at *alle* dagens eigarar får nye konsesjonar på 75 år og at heimfall til staten altså skjer 75 år etter lovendringstidspunktet. Seks av utvalet sine medlemar gjer framlegg om at eigarane på heimfallstidspunktet får behalde 1/3 av verdien som ein form for kompensasjon (partiell heimfall).

Eit mindretal (representantane frå KS, LO og LVK) går inn for det dei kallar *transaksjonsmodellen*. Etter dette er det eventuelt *transaksjon* av kraftanlegg frå dei offentlege eigarar som utløyser ny konsesjon og heimfallsordninga. Dette framlegget inneber i praksis at ordninga med evigvarande konsesjonar for offentlege eigarar vert vidareført så lenge det ikkje skjer eit sal (heilt eller delvis).

Vidare gjer mindretalet framlegg om at konsesjonstida for alle vert sett til 60 år og at dei private beheld sine tidsavgrensa konsesjonar uendra. Dette siste betyr at desse ikkje får *ny* konsesjon slik som fleirtalet gjer framlegg om, men at det opprinneleg konsesjonstidspunkt skal gjelde. Grunngevinga her er at mindretalet meiner at ordninga med ny konsesjon vil gje ein vesentleg verdioverføring til dei private eigarane frå stat og kommune i høve til gjeldande reglar. Som døme kan nemnast at dersom eit slikt kraftanlegg har konsesjon frå 1950, vil heimfall etter mindretalet sitt framlegg skje i 2010. Dersom lovendringstidspunktet vert i 2005, vil anlegget etter fleirtalet sitt framlegg fyrst heimfalle i 2080.

Mindretalet har og eit alternativt framlegg, rettighetsmodellen. Denne går i korte trekk ut på 60 års heimfallstid for alle, men at offentlege eigarar ved heimfall får ein lovfesta rett til ein andel på 45 % eller erstatning for tilsvarende verdi. Bakgrunnen for at mindretalet har eit alternativt framlegg, er at den juridiske rådgjevaren til Heimfallsutvalet meinte transaksjonsmodellen er i strid med EØS sitt regelverk. Etter nye opplysningar som kom fram på eit seminar om Heimfallsutvalet si innstilling i Oslo 20. januar, har ein ny ekspertuttale komme med til stikk motsatt konklusjon om dette spørsmålet.

Mindretallet går vidare imot ei kompensasjonsordning til eigar ved heimfallet.

I høve til vertskommunane sine interesser, går eit samla utval inn for at vertskommunen sin lovbestemte rett ved heimfall på *inntil* 1/3 av verdien eller del av kraftverket vert vidareført. Fleirtalet i utvalet tilrår likevel ei anna fordeling enn det som går fram av gjeldande lov. Ved heimfall for produksjon utover 250 Gwh skal ein del av dei verdiane som etter dagens reglar tilfjell vertskommunen tilfalla ein "større region". Utvalet har ikkje teke stode til kva som ligg i ein "større region".

Vurdering:

Heimfall for offentlegeigde kraftanlegg vil vere ei ulempe for alle kommunar som eig kraftanlegg eller deler i kraftanlegg. Desse vil jo miste desse verdiane (heilt eller delvis) når heimfall skjer . Heimfall er derimot ein fordel for kommunar som er vertskommunar for offentlegeigde kraftanlegg. Desse vil jo få eit vederlag ved heimfallet, noko dei ikkje får i dag.

Rådmannen meiner likevel at det prinsipielle i denne saka, nemleg at ein må sikre framleis nasjonal kontroll og eigarskap til nasjonale vasskraftressursar, må vere overordna desse lokale omsyn . Slik kontroll og eigarskap oppnår ein best ved å ha eit regelverk som ikkje fører til auka salspress på offentlege vasskraftanlegg. Mykje tyder på at innstillinga til fleirtalet i Heimfallsutvalet vil medføre eit slikt salspress. Dette m.a. på grunn av at framlegget legg opp til lange konsesjonsar og ein implementeringsmetode som gjev lang tid før heimfall finn stad.

Rådmannen meiner at mindretalet sitt framlegg i mykje større grad sikrar desse nasjonale verdiane Dette gjeld særleg punktet om at offentlege eigarar får oppretthalde evigvarande konsesjon så lenge dei ikkje sel anlegget

Når det gjeld lokalsamfunnet sin rett til verdiar ved heimfall, er ikkje rådmannen samd med utvalet i at deler av desse verdiane skal tilførast ” ein større region” på bekostning av vertskommunen . Spørsmålet om kommunestruktur og regionoppdeling i landet er som kjent under debatt og rådmannen meiner dette spørsmålet må få ein nærare avklaring før ein legg inn reglar om overføringar til eit slikt nivå.

Dato:10.2.2005

Terje Bakke Nævdal
rådmann

Jan Kåre Norberg
økonomisjef